

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** Utladalen - Avdalen  
**Dato:** 22.08.2012  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Viser til innkalling og møteprogram sendt frå Magnus Snøtun.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Program styremøte og synfaring Utladalen:

- Kl. 1000 Oppmøte Naturhuset
- Kl. 1000 Omvising Naturhuset
- Kl. 1100 Sandwich og kaffi
- Kl. 1130 Avgang Avdalen
- Kl. 1300 Styremøte
- Kl. 1400 Omvising Avdalen
- Kl. 1430 Matsservering (suppe)
- Kl. 1530 Avreise Avdalen
- Kl. 1630 Heimreise frå Hjelle

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 31/2012	Godkjenning av protokoll/innkalling		
	Referatsaker		
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - representant til administrativ faggruppe		2012/5076
RS	Midler til forvaltningsknutepunkt 2012		2011/8234
ST 32/2012	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - navn på styret		2012/193
ST 33/2012	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2012 - Nytt toalettanlegg, universell tilkomstveg og etablering av utescene ved Utladalen Naturhus - Stiftinga Utladalen Naturhus		2012/4803
ST 34/2012	Etablering av miljøvedtaksregister - Høyring		2012/4994
ST 35/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Bidrag til nytt amfi ved Gjendesheim - Besøksstrategi for Jotunheimen - DNT Oslo og Omegn		2012/4353
ST 36/2012	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - - Plan for disponering av frie tiltaksmidler for 2012		2012/193
ST 37/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2012 - Innsamling av aurskrinneblom - NTNU Vitenskapsmuseet v/ Hans Stenøien		2012/5367
ST 38/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport frå nasjonalparkgrensa til Glitterheim - Michael Dahmen		2012/5372
ST 39/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av funksjonshemma frå nasjonalparkgrensa til Glitterheim		2012/5399

## **Referatsaker**

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - representant til administrativ faggruppe 2012/5076**

**Midler til forvaltningsknutepunkt 2012 2011/8234**

Arkivsaksnr: 2012/193-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 17.08.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	32/2012	22.08.2012

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - namn på styret

### Forvaltar si innstilling

Namn på styret for verneområda Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er: *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

### Saksopplysningar

Det blir operert med to ulike namn på forvaltningsstyret for verneområda Jotunheimen og Utladalen:

- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
- Jotunheimen Nasjonalparkstyre

Ein finn det naturleg at styret sjølv stadfestar kva namn dei vil bruke, og får dette inn på alle malar og omtaler i ulike dokument. Det er uheldig å ikkje operere med eit eintydig namn.

### Vurdering

Dei fleste styra for nasjonalparkane har ansvar for fleire verneområde, og standard er å berre referere til namnet på nasjonalparken. For Jotunheimen og Utladalen inngår berre forvaltning av to verneområde, og det er dermed mogleg å ta med begge namna for å synleggjera alle verneområda forvaltningsansvaret omfattar – utan at namnet blir for langt. T.d. Breheimen nasjonalparkstyre har ansvar for 5 landskapsvernområde og

eitt naturreservat i tillegg, slik at det der er nødvendig med ei forenkling og berre nytte namnet på nasjonalparken i nemninga på styret.

Det som kan tale for å bruke berre nemninga *Jotunheimen Nasjonalparkstyre* er å følgje same praksis for alle verneområdestyra.

Spørsmålet er drøfta mellom forvaltarane på aust- og vestsida, og vi er samde om å tilrå å bruke begge namn for å synleggjera heile området som styret skal ha ansvar for.

Arkivsaksnr: 2012/4803-0

Saksbehandler: Magnus Snøtun

Dato: 09.08.2012

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	33/2012	22.08.2012

## **Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2012 - Nytt toalettanlegg, universell tilkomstveg og etablering av utescene ved Utladalen Naturhus - Stiftinga Utladalen Naturhus**

### **Forvaltar si innstilling**

Stiftinga Utladalen Naturhus får med heimel i naturmangfaldslova §48 løyve til å utvide toalettanlegg, etablere ny gangveg for rullestolbrukarar og etablere utescene i tråd med søknad datert 28.06.2012. Løve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Det nye toalettanlegget skal nytte materialane frå det gamle toalettanlegget og eventuelt supplere med materiale med same framtoning.
- Murar skal oppførast i naturstein eller forblendast med naturstein slik at dei ikkje skil seg frå eksisterande murar.
- Dekke på den nye gangvegen skal vere grus om lag tilsvarande som på Folkevegen til Vetti.
- Utescena skal ha tradisjonell utforming og materialval. Taket skal vere som dei eksisterande hovudbygningane, tre eller bølgeblekk. Eventuelle straumleidningar skal vere skjult og straum skal berre nyttast i samband med arrangement eller drift. Det skal ikkje vere faste elektriske installasjonar på bygget (utelys, varmelampe o.l.).
- Tiltaka skal gjennomførast innan 3 år.

### **Saksopplysningar**

*Dokument i saka:*

- Søknad frå arkitekt Gunnar Hageberg på vegne av Stiftinga Utladalen Naturhus om tiltak datert 28.06.2012

#### *Søknaden gjeld:*

Universell utforming av Utladalen Naturhus på Skåri i Utladalen landskapsvernområde. Det er i første omgang planlagt å utvide eksisterande toalett slik at denne vert tilpassa rullestolbrukarar. Det er planlagt gjenbruk av materialar og former, men toaletta må utvidast mot hovudhuset for å få tilkomst og plass nok for rullestolbrukarar. Som ein del av den universelle tilkomsten, må det etablerast ein ny tilkomst/gangveg opp til tunet på Skåri med stigning som gjere det mogleg for rullestolbrukarar å kome opp. Då kan ikkje stigninga overstige 1:15 og ein må bygge ein lengre veg enn dei eksisterande trappene. Denne er planlagt oppmura i naturstein og med fast dekke (grus, tre eller skifer). Når rullestolbrukarar har tilkomst til tunet, kan også resten av anlegget seinare tilpassast universell utforming.

I tillegg vert det søkt om løyve til å etablere ein utescene ved Utladalen Naturhus. Formålet er å ha ei scene til større arrangement (under Målrock vert det laga midlertidig scene), eit publikumsareal under mindre arrangement og ein stad for uteservering/opphaldsplass under tak. Eit janitsjarkorps er brukt som grunnlag for dimensjonering. Sidan utescena vert eit nytt bygg, er bygget trekt litt vekk frå eksisterande bygningar, men framleis ein del av det same tunet. Bygget er planlagt som eit grindbygg. Denne konstruksjonen krev lite terrengtilpassingar og er ope slik at det ikkje stengjer for utsikt.

## **Vurdering**

Utladalen landskapsvernområde har eit spesielt kulturlandskap og dramatisk natur. Stor variasjon og storslage landskap pregar verneområdet.

Heimre Utladalen er hovudinnfallsporten til Utladalen landskapsvernområde. Her er landskapet særleg kulturpåverka med fleire fjellgardar som er restaurert og skjøtta. Heimre Utladalen er i forvaltningsplanen skilt ut som ei brukssone. Det vil sei at området har stor grad av tilrettelegging og ein må finne ein optimal balanse mellom bruk og vern. Garden Skåri vart i 1998 opna som Utladalen Naturhus med servering, utstilling og informasjon. Dette ligg like innanfor verneområdet. Folkevegen inn til garden Vetti er ein grusveg som går frå Hjelle, forbi Skåri til Vetti. Eit belte rundt vegen og kraftlinja som går i bakkant av tunet er definert som «*sone med spesiell tilrettelegging og inngrep*».

Dei omsøkte tiltaka er godt planlagt og skildra av arkitekt gjennom teikningar og skildringar. For å få nok areal og tilkomst for rullestolbrukarar, må toaletta utvidast noko mot hovudhuset og det må lagast ein platting der det i dag er ein smal skråning. Det er planlagt å bruke same type kledning og tak som i dag og naturstein som forblending av mur under (som resten av bygningen). Dermed vil ikkje utvidinga påverke opplevinga av bygningen.

Den nye gangvegen opp i tunet på Skåri er ein føresetnad for den universelle utforminga av anlegget. Det er viktig at det vert nytta materialar som ikkje skil seg frå eksisterande bygningar/tiltak for at denne nye tilkomsten skal gå inn i heilskapen. Natursteinen som skal nyttast må derfor ikkje skilje seg frå natursteinen som er brukt i grunnmurane. Dekke på gangvegen bør også ha same utforming som eksisterande veg med grusdekke. Området ved Skåri er i dag prega av bygningar, veg og kulturlandskap og ein ny tilkomstveg vil ikkje skilje seg ut dersom han vert lagt naturleg i terrenget. Den nye tilkomsten for rullestolbrukarar er planlagt frå vegen på skrå opp mot tunet i underkant av den planlagde scena.

Også funksjonshemma har behov for og rett til å kome seg ut i naturen. Omsynet til naturen gjer at dette ikkje kan gjelde alle stadar. I framlegg til forvaltningsplan, er innfallsporten ved Utladalen lista opp som eit av dei områda peikar seg ut som eigna for universell utforming. I vurderinga av tiltaka er det viktig å vurdere heilskapen i området. I tillegg til tilkomst til toalett og utescene, er det viktig at ser på tilpassingar for at utstillinga også vert tilpassa rullestolbrukarar.

Utescena vert eit nytt bygg i tunet. Bygget er trekt litt vekk frå eksisterande bygningar for ikkje å påverke det gamle gardstunet. Grindbygg har tradisjonelt vore meir vanleg nærare kysten kor tilgangen på tømmer var mindre og bygget vil ikkje likne på dei eksisterande bygningane. Likevel vil bygget truleg bli oppfatta som eit tradisjonelt bygg som ikkje skil seg ut. I tillegg vil den opne konstruksjonen gjere bygget mindre dominerande og gje bygget fleire bruksområde. Etablering av ny tilkomstveg vil også dempe bygget i terrenget.

Etter forskrift om Utladalen landskapsvernområde IV punkt 2 er det forbod mot å etablere av nye bygningar i verneområdet. Etablering av nye og utviding av eksisterande er etter same forskrift tillate når det er knytt mot landbruksdrifta på Vetti og elles er det tillate med vedlikehald av eksisterande bygningar. Etter punkt 4 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til utviding av eksisterande turisthytter, men Naturhuset fyller ikkje heile denne funksjonen. Som service og informasjonssenter har likevel Naturhuset ein viktig funksjon for verneformålet. Dermed må både utviding av toalettanlegg, etablering av ny tilkomstveg og etablering av ny utescene handsamast etter den generelle dispensasjonsregelen §48 i naturmangfaldslova.

Etter §48 i naturmangfaldslova heiter det: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*».

Formålet med vernet av Utladalen landskapsvernområde er definert i forskrifta: «*Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*». Heimre Utladalen er prega av eit aktivt kulturlandskap. Her er fleire tekniske inngrep som veg, kraftlinje og bygningar, men desse går inn i ein heilskap. Dei nye tiltaka er tekniske inngrep, men dei er knytt til eksisterande anlegg og er planlagt med same utforming og er sett inn i denne heilskapen. Tiltaka er dermed ikkje i strid med formålet med vernevedtaket. Verneverdiane knytt til tiltaksområdet er det mektige landskapet med elv, fjell og kulturlandskapet. Ved bruk av dei same materiala som på eksisterande bygningar (kledning, tak og naturstein), vil utviding av toalettanlegg og etablering av ny tilkomstveg opplevast som naturleg del av anlegget på Utladalen Naturhus og ikkje påverke verneverdiane i området. Etablering av ny utescene vil vere eit nytt bygg og eit nytt element i kulturlandskapet ved Naturhuset. Bygget vil truleg gjere at heile anlegget i større grad vert oppfatta som ein informasjons-/serveringsstad når besøkande kjem langs vegen enn det er i dag. Den opne konstruksjonen vil likevel tone ned bygget og i liten grad hindre utsikt. Saman med at bygget er trekt mot brua, vil framleis det gamle gardstunet på Skåri vere dominerande i landskapet. Det vert derfor vurdert at det nye bygget ikkje vil ha nemneverdige negativ påverknad på verneverdiane i området.

Fordelen med desse planane er styrkinga av innfallsporten Heimre Utladalen til Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark. Med den universelle utforminga, opnar ein opp for at fleire brukargrupper kan bruke og oppleve verneområdet i større grad. Området innover Utladalen er eigna grunna eksisterande veg og mange naturopplevingar nær denne. Dette er i tråd med framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen. Utescena vil vere eit tillegg for Utladalen Naturhus. I tillegg til å gje informasjon til besøkande som går forbi, vil Naturhuset i større grad kunne dra folk inn i verneområdet gjennom arrangement, både lokale og besøkande. Særleg i samband med større arrangement må Utladalen Naturhus vere bevisst slitasje. I tillegg til kulturarrangement, kan utescena nyttast til undervisning og naturvegledning. Med meir tilrettelegging av heile anlegget, kan det vere at fleire besøkande stopper opp og får med seg informasjon om verneområdet og verneverdiane. Styrking av sentrale innfallsportane er i tråd med høringsutkastet «Besøksstrategien for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2013-2017» som var på høyring fram til 01.06.2012. I denne strategien vert det lagt opp til at innfallsporten Heimre Utladalen, som ein av to innfallsportar, skal vere utgangspunkt for både «Opplev Jotunheimen/Utladalen på ein time» og «Opplev Jotunheimen/Utladalen på ein dag». Her skal det så lang som mogleg vere



universiell tilrettelegging, informasjon og bord/rasteplass. Etter dette høyringsutkastet bør desse innfallsportane vere prioriterte innsatsområde for naturvegleiarar.

Tiltaka skal etter naturmangfaldslova §7 vurderast etter dei miljørettslege prinsippa (§§ 8-12 i nml):

§8 Kunnskapsgrunnlaget: Søkjar har brukt arkitekt som har laga gode teikningar og illustrasjonar av dei planlagde tiltaka. Området er oversiktleig og det er verneverdiar knytt til kulturlandskapet som vert påverka. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt.

§9 Føre-var prinsippet: Tiltaka er planlagt i eit område som er definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep i forvaltningsplanen. Tiltaka er også knytt til eksisterande bygningar. Landskapet er dermed mindre sårbare for dei planlagde tiltaka. Med dei tilpassingane som er gjort gjennom planlegginga, er det lite truleg at desse tiltaka vil få særskilde effektar som ikkje er vurdert.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Utladalen er verna som eit landskapsområde og tiltaksområdet er definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Med tilpassing til eksisterande bygningar og infrastruktur, vert ikkje den samla belastning nemneverdig auka.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vert vurdert som lite relevant i denne samanheng.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Planane tek utgangspunkt i materialar og former frå eksisterande bygningar og den tradisjonelle grindbyggkonstruksjonen for utescena. Konstruksjonen med grindbygg krev ikkje terrengtilpassingar.

Sekretariatet vurderer dette som godt gjennomarbeida planar for tiltak som vil styrke innfallsporten og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Desse tiltaka er i tråd med forvaltningsplan og strategi for vidare arbeid.

Arkivsaksnr: 2012/4994-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.08.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	34/2012	22.08.2012

## Etablering av miljøvedtaksregister - Høring

### Forvaltar si innstilling

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg i utgangspunktet positive til eit miljøvedtaksregister, men meiner at det ved utforming av eit slik register må vektleggast å få eit opplegg som ikkje medfører uforholdsmessig mykje arbeid knytt til registrering. Ved innføring må ein sjå nærare på korleis registeret kan bidra til *forenkling* gjennom å avløyse andre rapporteringar, framfor å medføre auka byråkrati.
2. Det synest heilt urealistisk å kunne innføre eit så omfattande registreringsystem utan vesentlege økonomiske konsekvensar for dei ulike offentlege myndighetsorgana. Eit fagleg tilfredsstillande registreringsarbeid vil krevje oppbygging og vedlikehald av kompetanse på alle nivå. Ved innføring av eit miljøvedtakeregister må ein såleis ta inn over seg at det vil krevje administrative ressursar av eit visst omfang. Høyringsdokumenta synest ikkje å vera utarbeidd med tilstrekkeleg innsikt i kva konsekvensar registreringsplikta får for dei mange kommunane i landet, som vil fatte ei mengd enkeltvedtak som etter forslaget skal kunne leggjast inn i registeret. Meirarbeidet ligg ikkje først og fremst i sjølve registreringa, men i at forvaltningsorgana må opparbeide og vedlikehalde nødvendig kompetanse hos fleire medarbeidarar.
3. Eit miljøvedtaksregister med ei tilfredsstillande teknologisk kartløyising vil vera eit nyttig verkty for både allmenta og offentlig forvaltning, da det kan bidra til meir offentlegheit og danne grunnlag for rapportering og statistikk. Dette gjeld særleg vedtak om forskrifter om verneområde (naturmangfaldlova § 34 og naturvernlova), utvalde naturtypar (nml § 54), prioriterte artar (nml §§ 23 – 24) og trua artar. Det er meir tvil om registreringsplikta for alle enkeltvedtak har ein nytteverdi som står i forhold til meirarbeidet, og det er viktig at forvaltningsorgana får tilgang på nødvendige ressursar til gjennomføring. Ein må ved innføring leggje til rette for ei *forenkling*, ved at miljøvedtaksregisteret skal erstatte andre rapportssystem, og ikkje koma i tillegg til etablerte rapporteringar som skjer m.a. gjennom KOSTRA-systemet.
4. For funksjonaliteten i kartløyisinga det vil vera avgjerande at det blir utarbeidd ein kartstandard knytt til dei ulike vedtakstypane, jf. t.d. systemet som gjeld for framstilling

av arealplanar. Vedtakstypene bør knytast til SOSI-standardene som gjeld for etablering av kartdata/geodata i Norge. Ein slik standard er også nyttig ved framstilling av forvaltnings- og skjøtselsplanar.

## Saksopplysningar

### Saksdokument

- Høringsbrev om oppretting av Miljøvedtaksregister (DN 29.06.12)
- Forslag - forskrift om miljøvedtaksregister
- Kodeliste tiltakstyper
- Nærmere om vedtak om utvalgte naturtyper

### Bakgrunn

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i brev av 29.06.12 sendt forslag til Forskrift om oppretting av Miljøvedtaksregister på høring, med uttalefrist 26.09.12.

Forskrifta er heimla i naturmangfaldlova § 68, der det heiter:

*«Kongen kan gi forskrift om opprettelse av et miljøvedtaksregister og plikt til å føre inn vedtak i registeret. Registeret skal bl.a. omfatte vedtak etter §§ 24 femte ledd, 34 første ledd, 45 første og annet ledd, 48 første ledd og vedtak som nevnt i 56 første ledd første punktum.»*

- § 24 femte ledd gjeld dispensasjon frå forskrift om utvalde naturtypar
- § 34 gjeld fastsetting av verneforskrift
- § 45 gjeld mellombels vern
- § 48 gjeld dispensasjonar, t.d. frå verneforskrifter.

Eit føremål med forskrifta er å sikre allmenta rett til miljøinformasjon. Det er etablert databaser (t.d. Naturbase og Artsdatabanken) som gjev allmenta tilgang til miljøinformasjon, men ingen systematisk oversikt over enkeltvedtak på nemnde område. DN viser vidare til at eit miljøvedtaksregister er viktig for å gje allmenta innsyn og informasjon om offentlege vedtak som vedkjem naturmangfaldet. Dette kan gje organisasjonar og andre med klagerett ein meir effektiv tilgang til å klage. I høyringsbrevet peikar DN også på at eit miljøvedtaksregister vil vera nyttig for forvaltninga når det gjeld å skaffe seg oversikt over forvaltningspraksis, kunnskap som er relevant for bruk av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova m.v.

Konkret vil det bli krav om at følgjande typar vedtak skal publiserast i registeret:

- Forskrifter om verneområde (naturmangfaldlova § 34 og naturvernlova)
- Forskrifter om utvalde naturtypar (nml § 54)
- Forskrifter om prioriterte artar (nml §§ 23 – 24)
- Forskrift om trua artar (naturvernlova)
- Enkeltvedtak etter forskrifter om verneområder og nml § 48
- Enkeltvedtak etter forskrifter om prioriterte artar og nml § 24 femte ledd
- Avtalar om bruk av økologiske funksjonsområde for prioriterte artar, jf nml § 24 tredje ledd
- Vedtak som vedkjem førekomstar av utvalde naturtypar som blir gjort etter plan- og bygningslova og andre lover.
- Enkeltvedtak etter forskrift om trua artar.

Plikt til å registrere vil gjelde frå da forskrifta er vedteke/sett i kraft. I tillegg kan det vera aktuelt å etterregistrere vedtak gjort etter ein del nyare forskrifter. DN ber også om synspunkt på om vedtak som gjeld innføring og utsetting av framande artar (t.d. treslag i skogbruket) skal førast i registeret. Når det gjeld uttak av artar viser DN til Rovviltportalen.

I kommentarutgåve til naturmangfaldlova blir det vist til at også vedtak etter andre lovverk kan registrerast. DN vil vurdere dette seinare.

Miljøvedtaksregisteret skal gje kartfesta informasjon, slik at det må knytast eit geografisk representasjonspunkt til vedtaket. Dette treng ikkje vera nøyaktig, og skal ikkje vera juridisk bindande.

Det blir innført plikt for aktuelle myndigheiter til å registrere sine vedtak gjennom DN sitt datasystem. Følgjande opplysningar er aktuelle:

- Type vedtak (motorferdsel, byggjetiltak, osv.) i tråd med utarbeidd kodeliste
- Lovheimel i tråd med liste
- Vedtaksdato
- Om vedtaket er unnateke offentlegheit
- Kva for kommunar som er omfatta av vedtaket
- Andre automatisk genererte opplysningar.

Informasjonen i registrert skal vera søkbar, og gje grunnlag for utarbeiding av statistikk. I tillegg skal det vera mogleg å kunne abonnere på varsel om nye vedtak i registeret. Naudsynte omsyn etter offentleglova og personopplysingslova må ivaretakast ved publisering av vedtak.

Det er lagt til grunn at forslaget ikkje vil gje vesentlege økonomiske konsekvensar for Staten eller andre offentlege myndigheitsorgan. Dette er grunngeve med at det allereie er knytt arbeidsoppgåver til arkivering, journalføring og behandling av førespurnader om innsyn.

## Vurdering

Det er nedfelt i naturmangfaldlova at det skal etablerast eit miljøvedtaksregister, så spørsmålet om behovet for registeret er såleis behandla i samband med NOU og Stortinget si behandling av naturmangfaldlova.

Eit miljøvedtaksregister vil vera eit nyttig hjelpemiddel i offentleg forvaltning, ved at all aktuell informasjon innan dei gjevne rammene lett vil kunne finnast samla på ein plass. Samstundes må ein vurdere nytteverdien opp mot kostnadene ved å etablere og oppretthalde eit så omfattande register. I høyringsbrevet blir dette vurdert slik: «*Det administrative meirarbeidet for pålagte myndigheter antas uansett å bli svært lite.*» Dette blir m.a. grunngeve ved slik «*Myndighetsorganene har i dag administrative kostnader knyttet til behandling av begjæringer om innsyn i dokumenter som fremgår av postjournal. Publisering av vedtak i registeret vil gi myndighetsorganene administrative besparelser da det ikke lenger vil bli arbeid med behandling av begjæringer om innsyn på aktuelle vedtakstyper.*»

For den som arbeider i praktisk forvaltning på leddet nærast publikum synest det heilt urealistisk å utføre alt registreringsarbeid innan dei tidsrammene ein i dag nyttar på innsynskrav og liknande. Også ved innføring av naturmangfaldlova vart det gjort om lag same vurdering med omsyn til administrative kostnader, men ved praktisering av lova har ein sett at meirarbeidet er betydeleg på det utøvande forvaltningsnivået (t.d. i kommunar og andre forvaltningsorgan som utøver offentleg myndigheit i mange enkeltsaker der dei miljørettslege prinsippa i medhald av §§ 8-12 skal ivaretakast). Det viser seg at meirarbeidet utgjer eit stort antal timar gjennom året for å ha ein fagleg tilfredsstillande kvalitet på saksbehandlinga. Det krev oppbygging av kompetanse på alle nivå, og kravet til kunnskapsbasert forvaltning medfører ein betydeleg innsats om ein skal oppfylle forventningane til dei overordna styresmaktene. Ved innføring av eit miljøvedtaksregister må ein såleis ta inn over seg at det vil krevje administrative ressursar av eit viss omfang dersom absolutt alle vedtak som er opplista i høyringa skal registrerast. Særleg registrering av dei mange enkeltvedtaka/dispensasjonane med heimel i t.d. naturmangfaldlova § 48 og motorferdsellova vil bety eit vesentleg meirarbeid om det ikkje blir lagt til rette for ei forenkling, ved at miljøvedtaksregisteret skal erstatte andre

rapportssystem, og ikkje koma i tillegg til etablerte rapporteringar som skjer m.a. gjennom KOSTRA-systemet. Dette spørsmålet må utgreiast nærare, da det ikkje ser ut som om høyringsdokumenta er utarbeidd med tilstrekkeleg innsikt i kva konsekvensar registreringsplikta får for dei mange kommunane i landet, som dagleg vil fatte ei mengd enkeltvedtak som etter forslaget etter kvart skal kunne leggjast inn i registeret. Meirarbeidet ligg ikkje først og fremst i sjølve registreringa, men i at forvaltningsorgana må opparbeide og vedlikehalde nødvendig kompetanse hos fleire medarbeidarar innan dei ulike fagområda som blir berørt.

Eit miljøvedtaksregister med ei tilfredsstillande teknologisk løysing for karttilknyttinga vil vera eit nyttig verktøy for både allmenta og offentleg forvaltning, særleg når det gjeld vedtak om forskrifter om verneområde (nml § 34 og naturvernlova), utvalde naturtypar (nml § 54), prioriterte artar (nml §§ 23 – 24) og trua artar. Ein er meir i tvil om registreringsplikta for alle enkeltvedtak har ein nytteverdi som står i forhold til meirarbeidet, og forvaltningsorgana må i alle fall få tilgang på nødvendige ressursar til gjennomføring. Det synest urealistisk å gjennomføre ordninga utan vesentlege administrative kostnader.

For funksjonaliteten i kartløyninga vil det vera avgjerande at det blir utarbeidd ein kartstandard knytt til dei ulike vedtakstypene, jf. t.d. systemet som gjeld for framstilling av arealplanar. Vedtakstypene bør knytast til SOSI-standardten som gjeld for etablering av kartdata/geodata i Norge for at det skal kunne nyttast i av ulike aktørar i forvaltninga. Ein slik standard er også nyttig ved framstilling av forvaltnings- og skjøtselsplanar.

Arkivsaksnr: 2012/4353-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 23.07.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2012	22.08.2012

## Jotunheimen nasjonalpark - Bidrag til nytt amfi ved Gjendesheim - Besøksstrategi for Jotunheimen - DNT Oslo og Omegn

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser positivt på at det vert tilrettelagt med amfi ved Gjendesheim, og løyver eit tilskott på 25.000 kroner. Tilskottet blir løyvd av dei frie tiltaksmidlane for 2012, på følgjande vilkår:

- Nasjonalparkforvaltninga og SNO skal ha høve til å nytte amfiet vederlagsfritt ved planlagde arrangement for naturretteleing og naturinformasjon. Bruken blir avtala med bestyrar på Gjendesheim.
- Utbetaling skjer på grunnlag av framlagt dokumentasjon om fullfinansiering.
- Midlane kan krevjast tilbake dersom tiltaket ikkje blir gjennomført i tråd med innsendte planar.
- Dersom det mot slutten av året viser seg å vera att ledige midlar av dei frie tiltaksmidlane, godkjenner nasjonalparkstyret at det blir løyvd inntil 20.000 kroner i tillegg. Sekretariatet får fullmakt til å effektuere ei eventuell tilleggsøyving når det ligg føre ein samla oversikt på disponible midlar ved utgangen av november.

### Saksopplysningar

Sakspapir:

- Søknad datert 20.06.2012, vedlagt skisse av amfiet
- Besøksstrategi for Jotunheimen - høyringsdokument

DNT Oslo og Omegn søker nasjonalparkstyret om økonomisk bidrag til nytt amfi ved Gjendesheim. Amfiet er tenkt plassert i skråninga mellom turisthytta og elva Sjoa, rett aust for brygga og parkeringsplassen på Gjendeosen. Vedlagt skisse av planlagt amfi

som syner lokaliseringa.

Tilrettelegginga er kostnadsrekna til ca. 275.000 kroner, og DNT oppgjev at det ikkje er fullfinansiert, som følgje av at tiltaket har kome opp midt i budsjettåret. Statens Vegvesen v/ Turistvegprosjektet vil dekkje prosjekteringskostnader, og det er gjeve tilsegn om 100.000 kroner frå Sparebankstiftelsen. DNT vil også kontakte andre aktørar om medfinansiering, og dei vonar at Nasjonalparkstyret kan bidra med inntil 100.000 kr. Det blir i søknaden vist til at Gjendesheim er plukka ut som innfallsport for «timesopplevelser» i forslaget til besøksstrategi for Jotunheimen, og at satsinga knytt til Nasjonale Turistveger inneber omfattande planar for utvikling av området. Amfiet er plassert utanfor nasjonalparken, og søkjar oppgjev at det er avklara med kommunen at tiltaket kan gjennomførast innan gjeldande reguleringsplan.

Om tilrettelegginga skriv søkjaren mellom anna:

Gjendeosen står foran en spennende utvikling. Turistvegprosjektet har store planer for området, og i forslaget til besøksstrategi for Jotunheimen er Gjendesheim plukket ut som en innfallsport for «timesopplevelser». Dette er vi naturligvis positive til og vi vil gjerne bidra i videre tenking og planlegging av innfallsporttanken.

I forbindelse med Turistvegprosjektet er det planlagt flere tiltak (gangveg, teltplass, bru, bord og benker mv) for at elvebredden og området fra brygga og ned forbi Gjendesheim skal bli mer brukt, uten at det er avklart når dette skal skje. Signalene fra turistvegprosjektet er at det kan bli flere år til oppstart.

Fjellfilmfestivalen flytter i år til Gjendesheim, og i den forbindelse ønsker vi å etablere et «amfi» skråningen ned mot elva fra Gjendesheim. Et mobilt lerret skal settes opp ved elva slik at det kan vises fjellfilm til de som sitter i amfiet. Se vedlagte tegning over det planlagte amfiet. I tillegg tror vi dette kan bli et attraktivt område for både «uorganisert bruk» og ulike arrangement / tilbud. Eksempler kan være at naturveilederne kan bruke amfiet som samlingsplass, det kan være samling for grupper som skal på tur og det vil være veldig egnet for mindre forestillinger av mange slag. Plasseringen av amfiet er tilpasset turistvegprosjektets planer og amfiet legger til rette for videre utvikling av at Gjendeosen er et sted en stopper også om en ikke skal gå Besseggen.

## Vurdering

Utanom bestillingsdialogen, som prioriterer planlagde tiltak, har Nasjonalparkstyret dei frie tiltaksmidlane til disposisjon. Total løyving i 2012 er 220.000 kr. 90.000 av desse er disponert gjennom vedtak i AU 17. juli, til sikringstiltak som må gjennomførast før hausten, og til enkle informasjonstiltak som var diskutert i nasjonalparkstyret 30. mai. Det er i tillegg meldt behov for vedlikehald på parkeringsplass ved nasjonalparkgrensa i Veodalen og vedlikehald av sikringa på Bukkelægeret. Parkeringsplassen vart grusa i samband med vedlikehald på Veodalsvegen, for å kunne nytte utstyr som likevel var i området. Sjå også eige sak om disponering av frie tiltaksmidlar i 2012.

Tilrettelegging av eit større amfi ved Gjende vert vurdert å vera noko på sida av det ein i utgangspunkt ser som eit ledd i utviklinga av Gjendesheim som innfallsport til nasjonalparken. Ein finn det derfor ikkje rett at nasjonalparkstyret brukar nær halvparten av dei frie midlane til dette tiltaket, slik det er søkt om. Men ein ser at amfiet kan fungere som ein informasjonsarena for naturrettleiing, sjølv om ein i den

samanhengen i hovudsak truleg vil operere med mindre grupper – utan behov for amfi. Det er såleis er eit noko avgrensa behov for denne typen tilrettelegging når det gjeld nasjonalparken, men tilrettelegginga gjev ein arena for formidling som vil kunne nyttast ved arrangement og samlingar også i tilknytning til nasjonalparken. På bakgrunn av dette vert det tilrådd å støtte tiltaket med disponible midlar frå dei frie tiltaksmidlane for 2012. Sekretariatet tilrår eit tilskott på 25.000 kroner, og fullmakt til sekretariatet til å overføre ytterlegare inntil 20.000 kroner mot slutten av året dersom det da viser seg at ein ikkje har fått nytta heile potten av frie midlar i 2012. Dette fordi ein i dette første driftsåret med eige sekretariat ikkje har hatt høve til å planleggje mange tiltak i eigen regi, da forvaltarane først kom på plass på forsommaren. Det kan derfor vera mogleg at det står att unytta tiltaksmidlar ved årsslutt, som bør kunne nyttast til ei positiv tilrettelegging ved ein av hovudinnfallsportane til Jotunheimen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2012/193-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.08.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2012	22.08.2012

## **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Plan for disponering av frie tiltaksmidler for 2012**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret godkjenner framlagt forslag til disponering av dei attverande 130.000 kroner av frie tiltaksmidler for 2012.

### **Saksopplysningar**

I samband med tildeling av budsjettet for 2012, brev frå DN datert 14.03.2012, vart det løyvd ein pott på 220 000,- som frie tiltaksmidler til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. I følgjebrevet frå Direktoratet for naturforvaltning er midlane sett av som:

*«Tiltaksmidler for nasjonalparkstyrene. Benyttes til skjøtsel og tilrettelegging i verneområdene i tråd med forvaltningsplan.... Midlane disponeres av styret.»*

Midlane må brukast i år, da dei ikkje kan overførast til seinare år.

Arbeidsutvalet vedtok i AU-møte 17. juli å løyve inntil 90 000,- til registrerte behov som bør følgjast opp før vinteren (sak AU-6/2012):

Tiltak		Kostnadsoversikt
Sikring/restaurering av veg langs Gjende	Presentert munnleg 30. mai	Ca. 15 000,-
Informasjonsmateriell til turishyttene (rullebanner)	Presentert munnleg 30. mai	Ca. 12 000,-
Sikring/utskifting av sikring langs sti til	Nytt	63 000,- (tilbod frå

Vettisfossen		IMPEC i Årdal)
<b>Delsum</b>		<b>Ca. 90 000,-</b>

Dette er tiltak som ikkje har fått midlar gjennom bestillingsdialogen for 2012.

Etter vedtaket om å disponere ca. 90 000,- til desse tiltaka, står det att ca. 130 000,- av potten med tiltaksmidlar som er gjeve til styret. Sekretariatet vart i møte 30.05.12 bedne om leggje fram forslag til disponering av den resterande delen på eit seinare møte.

Det har kome fram følgjande behov for økonomiske ressursar:

<b>Tiltak</b>		<b>Kostnadsoversikt</b>
Oppgrusing av P-plass ved nasjonalparkrensa i Veodalen	Utført arbeid, for å nytte utstyr som elles var i området i samband med istandsetting av vegen mot Glitterheim	6.563
Oppgradere sikringstiltaka i Bukkelægret pga slitasje <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forlengje/flytte ein av dei fastmonterte kjettingane etter utrasing og litt omlegging av stig.</li> <li>- Bytte ut den gamle vaieren med kjetting.</li> </ul>	Registrerte behov etter kontroll/synfaring av oppsynet	Ca. 10.-15 000,-
Tilskott til etablering av amfi	DNT, søkt om 100.000 kr frå Nasjonalparkstyret, tilråding i eiga sak 25.000 og ev. restmidlar	25.000 + ev. udisponerte midlar mot slutten av året
Oppgradering av skilt/informasjonsmateriell med behov for snarleg utskifting	Forslag frå sekretariat, etter registreringar og innmeldte behov, i dialog med oppsynstenesta	Inntil 60.000
Utladalen – planlagde tiltak	25.000 (evt i 2013)	25.000
<b>Delsum</b>		<b>Ca. 130 000,-</b>
<b>Tiltak</b>		<b>Kostnadsoversikt</b>

## Vurdering

Fjellopsynet har meldt inn behov for oppgradering av sikringstiltaka i Bukkelægret, og dette er tiltak som bør prioriterast gjennomført denne hausten - jf registrering frå oppsynet.

Tilrettelegging av amfi ved Gjende er i tråd med at Gjendesheim er plukka ut som innfallspott for «timesopplevelser» i forslaget til besøksstrategi for Jotunheimen. Sjå eige sak med vurdering.

For tilrettelegging ved Utladalen Naturhus – sjå eige sak.

Ein del informasjonsmateriell må supplerast eller skiftast ut. Besseggen-plakaten er av for dårleg kvalitet. Tavle ved innfallspott Veodalen og nye plakatar for Jotunheimen og Breheimen ved Vassbakken er andre tiltak. Vidare er det meldt inn behov for fleire skilt med informasjon om brevandring. Sekretariatet bør få fullmakt til å nytte disponible midlar til registrerte informasjonsbehov, i samråd med oppsynet/SNO som har vore ute og registrert manglar. Alt materiell må utformast med einskapleg design og plasserast på felles stativ der dette er naturleg.



Arkivsaksnr: 2012/5367-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 15.08.2012

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2012	22.08.2012

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2012 - Innsamling av aurskrinneblom - NTNU Vitenskapsmuseet v/ Hans Stenøien**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Hans Stenøien ved NTNU Vitenskapsmuseet dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1 for innsamling av aurskrinneblom i tråd med søknad datert 08.08.2012. Løyvet inneber at det er høve til å samle inn skulper og noko bladmateriale av arten *Arabidopsis lyrata* (aurskrinneblom) for forskning på prosessar bak lokal tilpassing og populasjonsdynamikk.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2012.
- Det skal berre samlast inn det som er nødvendig for dokumentasjon og analysar av den utvalde arten.
- Uttaket må ikkje vera av slik omfang at det kan medføre fare for at arten kan forsvinne eller få vesentleg tilbakegang på dei utvalde lokalitetane innan nasjonalparken. Så langt det er råd bør innsamlinga leggjast til lokalitetar utanfor verneområde.
- Det skal ved avslutta prosjekt leggjast fram ein enkel rapport til nasjonalparkforvaltninga om resultatane av undersøkingane.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument

- Søknad / e-post av 08.08.2012 frå professor Hans Stenøien, NTNU Vitenskapsmuseet

Hans Stenøien ved NTNU Vitenskapsmuseet søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for å samle blad og skulper av aurskrinneblom til kartleggings- og forskningsformål.

Søknaden, som er vidaresendt frå DN til forvaltningsstyret for Jotunheimen, har følgjande ordlyd:

*«Jeg har pågående forskningsprosjekter der Arabidopsis lyrata (aurskrinneblom) benyttes som modell for å forstå prosesser bak lokal tilpasning og populasjonsdynamikk, samt hvordan historiske prosesser påvirker mønstre for genetisk diversitet (se f.eks. Gaudeul et al. (2007) Am J Bot; Lundemo et al. (2010) Ann Bot; Ansell et al (2010) Ann Bot; Falahati et al. (2011) Am J Bot).*

*I forbindelse med disse prosjektene har jeg behov for å samle inn skulper og noe bladmateriale fra individuelle aurskrinneblom individer i Jotunheimen nasjonalpark inneværende sesong. Jeg sender denne mailen for å søke om tillatelse fra DN om å foreta en slik innsamling.*

*Det er fint om DN kan behandle denne søknaden raskt. På forhånd takk.»*

## Vurdering

Verneforskrifta § 3 pkt. 2 har følgjande hovudregel om plantelivet:

2. *Plantelivet*

2.1. *Alle planter, herunder levande og daude tre og busker, er freda mot skade og øydelegging av alle slag med unntak av slikt som kjem av vanleg ferdsel, reindrift, jakt, fangst, fiske og utøving av bruksrett.*

§ 4 i verneforskrifta omhandlar *Unntak i særskilde høve:*

*«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar, arbeid eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet, eller i særlege tilfelle dersom det ikkje strider mot formålet med vernet.»*

Den generelle dispensasjonsregelen i § 4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48. Tiltaket skal og vurderast etter §§ 8-12 i lova. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er *«å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

Verneforskrifta stadfestar at det skal innan visse rammer vera rom for forskning. Innsamling av planter for å auke kunnskapen om bestemte artar vil ikkje vera i strid med verneformålet. Tiltaket vil ikkje påvirke verneverdiane vesentleg, og det er av stor fagleg interesse å finne ut meir om floraen i området. I dette tilfellet kan ein oppnå auka kunnskap om ein særprega art for området. Arten veks både utanfor og innan nasjonalparken, og så langt det er råd bør innsamlinga leggjast til lokalitetar utanfor verneområde.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 skal leggjast til grunn ved utøving av all offentleg myndigheit. Søknaden blir vurdert slik i forhold til desse prinsippa:

§ 8 *Kunnskapsgrunnlaget*

Formålet med den omsøkte aktiviteten er å bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 *Føre-var-prinsippet*

Ein kan ikkje sjå at der fare for ukjente negative konsekvensar for verneverdiane knytt til innsamlinga av plantematerialet. Ein fagperson vil kunne vurdere kva nivå aktiviteten kan liggje på utan å skade floraen. Arten er talrik på fleire lokalitetar, og har relativt stor frøproduksjon og spreidingsevne innan eigna vekseområde.

*§ 10 økosystemtilnærming og samlet belastning*

Den omsøkte aktiviteten vil neppe gje merkbare konsekvenser for økosystem og verneverdiar.

*§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*

Dette prinsippet blir ikkje rekna som relevant for denne saka.

*§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*

Det er ein føresetnad at innsamlinga er avgrensa til det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon.

**Konklusjon:**

Bruken av nasjonalparken til innsamling av planter som ein ønskjer meir kunnskap om, vil ikkje forringe verneformålet og verneverdiene i områdene. Tiltaket vil gje auka kunnskap om naturmangfaldet, og er av stor fagleg verdi. Fordelane er klart større enn ulempene. Uttaket må ikkje vera av slik omfang at det kan medføre fare for at arten kan forsvinne eller få vesentleg tilbakegang frå sitt naturlege miljø. Det må leggjast vekt på at det berre blir teke ut det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon knytt til den vitenskaplege undersøkinga.

Arkivsaksnr: 2012/5372-0

Saksbehandler: Kari Sveen

Dato: 16.08.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	38/2012	22.08.2012

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport frå nasjonalparkgrensa til Glitterheim - Michael Dahmen

### Forvaltar si innstilling

Søknad frå Dahmen om bruk av eigen bil frå bommen i Veodalen og inn til Glitterheim Turisthytte blir med heimel i verneforskrifta § 5.1 avslått. Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for bruk av privatbil på vegen inne i nasjonalparken.

I tråd med etablert forvaltningspraksis kan transportbehovet for rørslehemma likevel imøtekomast om det er ledig kapasitet på varetransport inn til turisthytta. Ved behov for transport av enkeltpersonar med funksjonshemming etter vegen til Glitterheim, kan det etter melding til nasjonalparkforvaltar gjevast løyve til dette i den grad det let seg samordne med den ordinære transporten knytt til drifta av Glitterheim turisthytte.

Denne praksisen kan følgjast for andre tilsvarande saker, med referat til nasjonalparkstyret i første påfølgande møte.

### Saksopplysninger

Saksdokument:

- Søknad (e-post) datert 10.08.12
- Førebels svar ved e-post 16.08.12

Michael Dahmen frå Tyskland søker på vegne av kona si om løyve til biltransport etter vegen frå nasjonalparkgrensa inn til Glitterheim turisthytte. Dette for at ho skal kunne slutte seg til resten av vennegjengen, som går til fots frå Memurubu til Glittertind. Kona

kan ikkje nytte seg av sykkelutleiga ved nasjonalparkgrensa, da ho er litt rørslehemma. Det blir derfor søkt om løyve til bruk av bil inn til Glitterheim 22. august. Søkjar er ved e-post frå nasjonalparkforvaltar 16.08.12 gjort merksam på at det ikkje blir gjeve løyve til bruk av privat bil for persontransport etter vegen inn til Glitterheim. Området har mange turistar, og ved behov for persontransport blir dette prøvd løyst ved at Glitterheim turisthytte etter søknad kan ta med personar med funksjonshemming på sine ordinære varetransportar. Vegen er stengt med bom, så passering av bommen vil uansett krevje at nokon frå turisthytta har høve til å møte opp og hjelpe den som skal inn til Glitterheim.

## Vurdering

Etter verneforskrifta pkt. 5.1. er Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty forbode, med unntak av til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.

Forvaltningsplanen gjev følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen: «Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km. inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgd.»

For eit reisefølge der enkelte har problem med å kunne vera med i fellesskapet er det etablert praksis å sjå om behovet kan løysast ved samarbeid med transportane som likevel går til Glitterheim.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er god kunnskap om området, og transporten skjer etter opparbeidd bilveg.

§ 9 Føre-var prinsippet: Det blir ikkje gjeve løyve til bruk av eigen bil, men dersom transport kan samordnast med ordinær varetransport til turisthytta kan den gjennomførast utan at det medfører meirbelastning i form av støy eller forstyrring.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Det kan ikkje opnast for at enkeltpersonar som ikkje kan gå inn ved eiga hjelp skal kunne kjøre eigen bil, da dette vil skape presedens for svært mange tilsvarande saker. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve til at rørslehemma kan bli med bilen som likevel går til Glitterheim i samband med drifta.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant, da søknaden gjeld kjøring på etablert veg.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

Konklusjon:

Tiltaket vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, så lenge transporten er samordna med transport knytt til drift av turisthytta. Det blir ikkje gjeve løyve til bruk av eigen bil.



Arkivsaksnr: 2012/5399-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 17.08.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	39/2012	22.08.2012

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av funksjonshemma frå nasjonalparkgrensa til Glitterheim**

### **Forvaltar si innstilling**

Søknad frå Inger Lise Innerdal om løyve til skyss inn langs vegen inn til Glitterheim for funksjonshemma slektning blir innvilga i tråd med etablert forvaltningspraksis, der det etter kontakt med bestyrar er stadfesta det er mogleg å samordne skyssen med godkjent varetransport inn til turisthytta. Ved behov for transport av enkeltpersonar med funksjonshemming etter vegen til Glitterheim, kan det gjevast løyve til dette i den grad det let seg samordne med den ordinære transporten knytt til drifta av Glitterheim turisthytte utan at dette utløyser behov for ekstraturar. Løyvet gjeld for 1 tur/retur frå vedtaksdato og ut haustsesongen ved Glitterheim.

Denne praksisen kan følgjast opp av nasjonalparkforvaltar for andre tilsvarende saker, med referat til nasjonalparkstyret i første påfølgjande møte.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Søknad (e-post) datert 17.08.12

Inger Lise Innerdal søker om løyve til skyss inn langs vegen inn til Glitterheim for funksjonshemma slektning i samband med tur til Glittertind. Dei har vore i kontakt med bestyrar på turisthytta og fått til svar at det ikkje er noko problem å få skyss når dei

likevel skal ned for å hente varer. Transporten er tenkt i løpet av seinsommaren, eller så fort været er fint.

## Vurdering

Etter verneforskrifta pkt. 5.1. er Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty forbode, med unntak av til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.

Forvaltningsplanen gjev følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen: «Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km. inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgt.»

For turdeltakarar som har problem med å ta seg inn til Glitterheim som følgje av funksjonshemming er det etablert praksis å sjå om behovet kan løysast ved samarbeid med transportane som likevel går til Glitterheim. Området har mange turistar, og ved behov for persontransport blir dette prøvd løyst ved at Glitterheim turisthytte etter søknad kan ta med personar med funksjonshemming på sine ordinære varetransportar.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er god kunnskap om området, og transporten skjer etter opparbeidd bilveg.

§ 9 Føre-var prinsippet: Det blir ikkje gjeve løyve til bruk av eigen bil, men dersom transport kan samordnast med ordinær varetransport til turisthytta kan den gjennomførast utan at det medfører meirbelastning i form av støy eller forstyrring.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve til at rørslehemma kan bli med bilen som likevel går til Glitterheim i samband med drifta når dette ikkje utløyser behov for ekstraturar.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant, da søknaden gjeld kjøring på etablert veg.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

Konklusjon:

Tiltaket vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, så lenge transporten er samordna med transport knytt til drift av turisthytta. Det blir ikkje gjeve løyve til bruk av eigen bil. Den etablerte ordninga gjev ei smidig løysing for alle partar, og utløyser ikkje behov for ekstra turar når familien Vole planlegg sine varetransportar slik at dei kan løyse fleire behov på same turen.